

Slepp av årets Festidalen-øl på onsdag.

18.07.2016



Slepp av årets Festidalen-øl på Oska på onsdag.

Onsdag kl.19 er det klart for slepp på årets Festidalen-øl som har fått namnet Låganåso. Staden for lanseringa er på Oska ved båthamna i Uskedalen. Dette skjer ein time etter at det har vore intern smaking for nøkkel-personar under Festidalen(kl.18). Frå kl.19 er det altså ope for alle.

Under ei prøvesmaking av øl til Festidalen vart ein enige om at årets festivaløl skulle ta utgangspunkt i 7 Fjell Bryggeri sin Tjommy, men nedskalerast slik at den vart lov å selja i daglagvarebutikkar. I år, som tidlegare år, har festivalølet fått namn etter eit av fjella i Uskedalen, og turen er komen til Låganåso. Ølet Låganåso, som er av typen pale ale, er friskt og fruktig og passar godt til god musikk ute på eit jorde på Dønhaug. Det er brygga knappe 1900 liter, og alt er no seld ut frå bryggeriet.

Låganåso vil, foruten på Festidalen, vera å få kjøpt på Eurospar Rosendal, Spar Uskedal, Spar Husnes og Rema 1000 Husnes. I Bergensområdet vil den vera tilgjengelig på Humlen Ølutsalg, Gulating Ølutsalg, Skikkelig Malt på Sartor. Utestader som har den inne er Smakifrå Oska, Rosendal Turisthotell og Una på bryggen i Bergen.

Onsdag kveld frå kl.19 kan de altså smaka på Låganåso. Det skjer på Oska på Sandakaaien i Uskedalen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Sammy Myklebust